

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Tertnes vgs vert dimensjonert for totalt 690 elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram (ST). Start på rehabilitering og nybygg ved Tertnes vgs vert framskunda til 2016. Planane for rehabilitering og tilbygg bør også omfatte nye areal for kroppsøving.
2. Åsane vgs vert dimensjonert for totalt 1085 elevar. Skulen skal tilby utdanningsprogramma byggfag (BA), elektrofag (EL), helse- og oppvekstfag (HO), idrettsfag (ID), restaurant og matfag (RM), teknikk og industriell produksjon (TIP), Service og samferdsel (SS), påbygg (PA), innføringskurs for minoritetsspråklege og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingopplæring.
3. Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidssretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringsenter for byggfag skal inkluderast i den vidare planlegginga av skulen.
4. Bergen kommune har no starta arbeidet med å byggje ny fleirbrukskalla på Myrdal. Det må etablerast ein intensjonsavtale med Bergen kommune for bruk av hallen. Avtalen må innehalde prinsipp for utrekning av leigekostnader, leigetid og fellesutgifter knytt til drift og vedlikehald.
5. Areal til kulturhus vert innarbeidd i planane for Nye Åsane videregående skole. Då ein skule mest er i bruk på dagtid og eit kulturhus mest på kveldstid, er det stort rom for sambruk av lokala. Det må etablerast ein intensjonsavtale med Bergen kommune. Avtalen må mellom anna innehalde leigeareal, leigekostnader, driftstid, leigetid og fellesutgifter knytt til drift og vedlikehald.
6. I det vidare programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs skal det leggjast til grunn ei samlokalisering av avdeling Fossane i lokala til Åsane videregående skole. Representantar frå Kriminalomsorga må involverast i det vidare programmeringsarbeidet og i planlegginga av skulen. Det er ein føresetnad at tryggleiken for øvrige elevar vert ivaretaken på lik line som no, og at kriminalomsorga ikkje ser noko risiko ved ei slik integrering. Vidare ser fylkesrådmannen det som tenleg at skulen gjennom samansetjing av personalet har sosialpedagogiske ressursar der fengselsfagleg kompetanse inngår.